



MØTEPROTOKOLL

Utval: Eldrerådet
Møtedato 04.09.2018
Møtetid: Kl. 10:00 - 11:00
Møtestad: Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

Følgjande medlemmer møtte:

- Solveig Vassenden (leiar)
- Svein Røseth
- Bjørg Solvang
- Oddbjørg Hisdal
- Solveig Sjursen

Andre som var til stades i møtet:

- Heidi Fossdal (sektorleiar oppvekst/møtesekretær)
- Hilde-Lill Våge (assisterande rådmann) under orientering om vassmålarar

Møteleiar:	Solveig Vassenden
Møtesekretær:	Heidi Fossdal

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 05.09.2018

Solveig Vassenden

Heidi Fossdal

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
002/2018	18/1098	Faste saker	

SAKNR. 002/2018: Faste saker

04.09.2018 Eldrerådet:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte

Solveig Vassenden ynskjer sakspapir og protokoll tilsendt på papir. Elles ingen meknader til protokoll frå førre møte.

Orienteringssaker

Møteprotokoll fylkeseldrerådet 24.05.2018

Referatet er tatt til orientering.

Eldrådet bed om å verta orientert når det kjem innkalling til eldrerådskonferansen. Ein vil i år senda to deltakarar.

Vassmålarar i Samnanger kommune

Sektorleiar samfunn og utvikling, Hilde-lill Våge orienterte om vassmålarar i kommunen. Saka om vassmålarar må utarbeidast og leggjast inn i budsjettet. Det er ulike løysingar, kommunestyret må ta stilling til ei rekkje spørsmål og det må utarbeidast eit reglement som gjeld Samnanger kommune. Ein må mellom anna vurdere kva husstander som eventuelt skal få tilbod/installera vassmålarar og i kva grad dette skal subsidierast.

Orienterte elles kort om vassforsyninga generelt i kommunen.

Eldredagen 1. oktober 2018

Det vert jobba med arbeidsfordeling og førebuing til Eldredagen. Underhaldninga som er tinga for ei tid tilbake har meldt avbod. Ein arbeider med å få på plass eit alternativ.

Generell informasjon

Det er ikkje tidlegare sett opp tidspunkt for neste møte i Eldrerådet. Framlegg til dato er 3. desember. Eldrerådet får då høve til å gje uttale til budsjettet før saka skal handsamast i kommunestyret.

Utvalet sitt kvarter

Eldrerådet viser til Stortingsmelding 15 «Leve heile livet» og mellom anna arbeidet med «kvardagsrehabilitering». Ein ynskjer meir informasjon når det gjeld Samnanger kommune sitt arbeid på dette feltet og bed om at det vert utarbeida ei orientering til rådet. Sektorleiar Grete Lill Hjarnes vert invitert til neste møte.

Samrøystes vedtak.

ELD- 002/2018 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent. Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.